



Saksframlegg

Rullering trafikktryggleiksplan 2025 - 2029

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		06.05.2025
Hovudutvalet for plan og miljø		13.05.2025
Ungdomsrådet		07.05.2025
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		07.05.2025
Kommunestyret		19.06.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

1 Trafikktryggleiksplan Fyresdal kommune 2025-2028

Bakgrunn for saka:

Plan for trafikktryggleik treng revidering, gjeldande plan går ut inneverande år. Planen kjem nå til politisk handsaming etter høyring og med innstillinga frå det politisk nedsette trafikksikkerheitsutvalet.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

Fyresdal kommune skal legge til rette for god infrastruktur som ledd i klima- og miljøfokus.

- Varetake mjuke trafikkantar

Trafikksikkerheit skal vere eit prioritera satsingsområde i Fyresdal, kommunen er nyleg re-godkjent som trafikksikker kommune av Trygg Trafikk. Å ha eit satsingsområde på dette , samt at ein er re-godkjent, fordrar også at ein har annet planverk på stell og at ein har ein handlingsdel som er oppdatert til dagens krav og utfordringar.

Trafikksikkerheitsutvalet sende forslag til ny plan ut på brei høyring og godt annonsert 21 februar, med høyringsfrist 14 mars. Etter høyringsfristens utløp hadde det kome inn 10 innspel til planen, primært knytt opp til tiltak i handlingsdelen.

Ein rekke av innspela omhandla misnøye med trafikkavvikling og tryggleik i området samfunnshus, helsehus, barnehage og skule. Trafikksikkerheitsutvalet ynskte difor å sette eit ekstra fokus på denne problemstillinga og har invitert ein rekke partar med interesse i området

til eit drøftingsmøte/arbeidsmøte for å sjå i fellesskap på moglege løysingar på trafikktryggleiken i dette området.

Utvalet har elles drøfta innkomne innspel og innarbeidd dei inn i forslag til ny plan.

Eit tema som ikkje ennå har fått plass i planen er korleis politikken knytt til skulekøyring for dei som i dag ikkje har lovmessige krav til fri skyss skal vere. Formannskapet har bestilt frå kommunedirektøren ei eiga sak der ein ynskjer å sjå på omfang og konsekvensar av å endre på kven som skal ha kommunalt finansierte skulekøyring utover dei som har dette betalt av fylkeskommunen. Resultatet av denne bestillinga bør inn i denne planen om utfallet skulle medføre ei endra praksis av kven som får gratis skulekøyring.

Konklusjon:

Etter arbeid i trafikktryggleiksutvalet med revisjon av planen, og behandling av innkomne innspel, meiner ein at det ligg føre ein godt revidert trafikktryggleiksplan. Den tek omsyn til innkomne innspel og reflekterer dagens trafikkbilete i Fyresdal på ein god måte.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Trafikktryggleiksplanen blir vedteke slik den ligg føre, med tiltaksliste.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk